



## **Skjøtselsplan for Hamna, Innergarden i Åkvika i Halså kommune, Møre og Romsdal fylke.**

# BIOREG AS

## Rapport 2017:32

<b>Utførende institusjon:</b> Bioreg AS <a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>	<b>Kontaktpersonar:</b> Finn Oldervik	<b>ISBN-nr.</b> 978-82-8215-353-9
<b>Prosjektansvarleg:</b> Finn Oldervik 6693 Mjosundet  Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a>  Tlf. 468 18 174 E-post: <a href="mailto:deh@alumni.brown.edu">deh@alumni.brown.edu</a>	<b>Oppdragsgjevar:</b> Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Geir Moen	<b>Dato:</b> 30.10.2017
<b>Referanse:</b> Oldervik, F. G. og Utne, D. E. 2017. Skjøtselsplan for Hamna, Innergarden Åkvika (rev.) (13/3) i Halså kommune, Møre og Romsdal fylke. Bioreg AS Rapport 2017 : 32. ISBN; 978-82-8215-353-9.		
<b>Referat:</b> Rapporten skildrar naturverdiar og artsmangfald for ein slåttemarkslokalitet, Hamna, Innergarden Åkvika (gnr 13/3), i Halså kommune. Vidare gjer rapporten greie for dei skjøtselstiltaka som bør setjast i verk for å ta vare på dei biologiske verdiane som er knytt til lokaliteten. Skjøtselsplanen er ei revidering av planen frå 2010.		
<b>4 emneord:</b> Kulturlandskap Naturtype Skjøtselsplan Slåttemark		

Figur 1. Foto 07.07.2017, Dena Esther Utne, Bioreg AS ©. Bildet er tatt frå øvre delen og mot sør. Litt ut frå stranda er plassert eit oppdrettsanlegg og litt i det fjerne mot Straumsneslandet ser ein Halsåferja på tur over fjorden.

## Innhald

Innhald .....	3
Føreord .....	4
A. Generell del .....	5
Slåttemarksutformingar på Vestlandet .....	5
Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker .....	6
B. Halså; Åkvika, Innergarden Hamna (13/3) .....	8
Ortofoto/kart .....	13
Bilete .....	13
Kjelder .....	15
Litteratur: .....	15
Munnlege kjelder: .....	16
Vedlegg 1. Artsliste .....	17
Vedlegg 2. Definisjonar .....	18
Vedlegg 3. Vegleiing til skjøtelsplanskjema, B - spesiell del .....	20
Søkbare eigenskapar: .....	20
Områdebeskrivelse .....	20
Skjøtelsplan .....	21
Vedlegg 4. Åkvika: Innergarden delområde 2 .....	22
Ortofoto/kart .....	25
Bilete .....	26
Kjelder .....	27
Litteratur: .....	27
Munnlege kjelder: .....	28
Internett: .....	28

# Føreord

---

I samsvar med ei nasjonal handlingsplan for å ta vare på dei attverande slåttemarkane i Norge vart det teke initiativ til å laga dei første skjøtselsplanane for Møre og Romsdal alt i 2010. Det er Fylkesmannen ved Geir Moen som samordnar dette arbeidet i fylket. Når det gjeld den aktuelle slåttemarkslokaliteten, Hamna i Innergarden, Åkvik i Halså, så vart den første gang registrert den 12.08.2012 etter feltarbeid utført av Kirstin Flynn Mfu den 18.07 s.å. Den første skjøtselsplanen ble laget med grunnlag i undersøkinga som vart gjort sommaren 2012. Med tanke på revisjon av skjøtselsplanen ble den oppsøkt på nytt den 7. juli 2017 av Finn Oldervik og Dena Utne, Bioreg AS saman med grunneier Asbjørn Heggem. Også denne undersøkinga vart utført etter oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten har vore slått dei fleste åra i seinare tid.

Skildring av slåttemark: Med slåttemark meinast ei open eller svært spreidd tresett semi-naturleg eng med vegetasjon som er avhengig av tradisjonell slått, og som framleis er prega av dette. Slåttemark førekjem både i innmark og utmark. Kantsoner avhengig av slått er inkludert i typen.

Teknisk definisjon: Slåttemark inngår i T 32 (NiN 2.0) Semi-naturleg eng (tidlegare T4 Kulturmarks-eng i NiN 1.0) med grunnleggjande hevdform slått (Y1) og er vidare delt inn etter kalkinnhald (KA), hevdintensitet (HI) og uttørkingsfare (UF).

Då vi vurderte deler av stykket nedom vegen å ha eit artsinventar og ein struktur som liknar mykje på den eksisterande lokaliteten oppom jordbruksvegen som deler lokaliteten, så har vi vald å ta med knapt halvparten av denne som eit godt restaureringsobjekt. Som eit resultat av dette er det gjort ein del endringar både kva gjeld lokalitetsskildringa, avgrensinga og sjølve skjøtselsplanen. Den nye avgrensinga er gjort i nært samarbeid med grunneigar og vi har stort sett retta oss etter ynskja til grunneigar Heggem.

Hamna er ein gamal husmannsplass og er ein del av bnr. 3, Innergarden i Åkvika (gnr 13) i Halså kommune og ligg om lag 1,7 km nordvest for Halsånaustan. Lokaliteten ligg litt isolert frå annan innmark på garden.

Skjøtselsplanen for denne lokaliteten har som hovudoppgåve å taka vare på det opphavlege artsmangfaldet, og då ved ein skjøtselsmåte som liknar mest mogleg på den tradisjonelle, dvs. med minimal gjødsling og relativt sein slått, samanlikna med dagens siloslått. At lokaliteten vert slått også i framtida, er likevel den aller viktigaste føresetnaden for å oppretthalde dei verdiane som er registrert her!

Vi vil med dette få takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Geir Moen for oppdraget og for eit godt samarbeid om prosjektet. Så vil vi også rette ein takk til brukar og eigar av den aktuelle slåttemarka, Asbjørn Heggem for velvilje både då vi var på vitjing i sumar og når vi har ringt og bedt om opplysningar.

Mjosundet i Aure 30.10.2017

Tustna 30.10.2017

For Bioreg AS

Finn Gunnar Oldervik

Dena Esther Utne

## A. Generell del

---

Slåttemarker er areal som vert regelmessig slått. Semi-naturleg slåttemark eller såkalla kulturmarkseng, er slåttemarker som er forma gjennom rydding og lang tids tradisjonell slått. Dei er ofte overflatelydda, men ikkje oppdyrka og tilsådd i seinare tid, og ikkje eller svært lite gjødsla. Dei vert slått seint i sesongen. Slåttemarkene vert eller vart gjerne haustbeita og ofte også vårbeita. Korleis slåttemarkene har vore skjøtta varierer noko frå stad til stad og frå landsdel til landsdel. Slåttemarkene er urte- og grasdominerte og oftast svært artsrike. Dei kan vere opne eller tresette.

Tresette slåttemarker med styvingstre som vert hausta ved lauving er i dag svært sjeldne. Slike såkalla lauvenger vart gjerne beita om våren, slått ein gong seint om sommaren og beita om hausten. I tillegg vart greinene på trea hausta til fôr med eit tidsintervall på 5-8 år. I gammal tid spelte også myr ei viktig rolle som slåtteareal (slåttemyr). Dei fleste jordvassmyrane i Noreg har tidlegare vore slått, men myrslåtten tok i stor grad slutt for ganske lenge sidan og vart praktisert berre nokre få stader fram til slutten av 1950-åra. Nokre av slåttemyrane gror att, medan andre endrar seg mindre, her er det truleg få tydelege biologiske spor frå slåttedrifta. Det er registrert få lauvenger og slåttemyrar som framleis er i hevd.

Dei ulike slåttemarkene høyrer til blant våre mest artsrike naturtypar, og er viktige også for andre organismar enn karplantar. T.d. er rundt 70 prosent av dagsommarfuglane våre knytt til open engvegetasjon (særleg urterik slåttemark) og fleire vadefuglar brukar strandenger (slått eller beita) som hekkeområde og rasteplassar under trekket. I tillegg har slåttemarker mykje å seia for mange truga artar av beitemarksopp. Slåttemark kan ikkje erstattast av beitemark, fordi dei inneheld vegetasjons-typar og fleire artar som ikkje klarer seg i område som berre vert beita. Samanlikna med naturbeite-mark har slåttemark generelt det høgaste artsmangfaldet og dei største bestandane av fleire truga engartar. Gjennom historia har slåttemark vore, og vil framleis vere, om vi tek vare på dei, viktige "levande genbankar". I tillegg er dei berekraftige økosystem som har vore eit nøkkelement i norsk landbruk i fleire tusen år. Men driftsendringar på 1900-talet har ført til at slåttemark no er mellom våre mest truga naturtypar.

### *Slåttemarksutformingar på Vestlandet*

Den store variasjonen i slåttemarksvegetasjonen i Noreg er enno berre delvis kartlagt. I det følgjande har vi likevel prøvd å peike på nokre utformingar av slåttemarksvegetasjon som er særigne for Vestlandet og dermed gir fylka her eit særskilt forvaltningsansvar. Vi gjev òg døme på nokre verdifulle lokalitetar.

I Møre og Romsdal har ein svært godt oversyn over tradisjonelle slåttemarker fordi det her nyleg er gjort ei samanstilling av kunnskapen om denne naturtypen (Jordal 2007). 178 lokalitetar vert omtala i rapporten frå dette prosjektet, og slåttemarker er registrert i 29 av dei 37 kommunane i fylket. Lokalitetane finst likevel først og fremst konsentrert innan mindre geografiske område, og kommunane Stordal (22 lokalitetar, særleg i Nørdredalen), Rauma (28 lokalitetar, særleg i øvre Romsdalen), Tingvoll (19 lokalitetar, særleg i Vågbø-Holmeide) og Sunndal (16, særleg ved fjellgardane) har flest kjende lokalitetar. Frisk fattigeng, ofte med stort artsmangfald, er truleg den viktigaste vegetasjons-typen. 64 raudlisteartar er registrert i dei registrerte slåttemarkene (13 karplantar, 1 sommerfuglart og 50 soppartar).

- Ein særleg verdifull lokalitet er Skutholmen, Fræna, der det finst eit heilskapleg fiskarbondelandskap som vert skjøtta tradisjonelt og har mange gamle kulturlandskaps-element m.a. mange små 1x2-meters potetåkrar i bergskortene. Slåttemarkene vert slått med ljå. Her finst mange raudlista beitemarksopp. Staden er veglaus og kan nåast med robåt over eit 50 meter breitt sund.

- Langs Grøvvassdraget (Sunddal, utvalt for MR i 2008) og i øvre Romsdalen (Rauma) finst tørre-friske slåttemarkar med fleire tørrengsartar som *Pilosella*-artar og sjeldne soppar.
- Stordal kommune har kanskje landets største bestandar av kvitkurle som i stor grad er knytt til restar av slåttemark.
- Nordre Sunnmøre er eit kjerneområde for solblom. Meir enn 30 000 blomsterstenglar er registrert innan dette området. Dessverre er det no berre sporadisk hobby slått igjen her.

I Hordaland har m.a. Losvik (1988) studert slåttemarksvegetasjon. Viktige lokalitetar finst m.a. i Urangsvåg, Bømlø, Gjuvsland og Varaldsøy.

I Sogn og Fjordane har miljøet rundt Ingvild Austad på Høgskulen over fleire tiår forska på og gjort ei rekkje registreringar i dei tradisjonelle slåtteengene i fylket. Kystblåstjernedominerte slåttemarkar finst i ytre kyststrok, m.a. i Gåsvær i Solund, og lokalitetane Sandøyna, Vilnes og Hamna i Askvoll. Ein viktig slåttemarkslokalitet finst på Øvre Ormelid, ein hyllegard i Luster. Her finst tørrenger med m.a. brudespore, vanleg nattfiol og bakkesøte. Det er registrert mange slåttemarkar i Sogn og Fjordane, men fleire av registreringane er gjort for relativt lenge sidan og stoda i dag er uviss. På Grinde i Leikanger finst ei flott lauveng der både trea og enga framleis vert haldne i hevd.

I Rogaland er det registrert få slåttemarkar. I Funningsland, Hjelmeland finst ei dei få attverande solblomslokalitetane i fylket. Diverre vert den ikkje slått no.

## ***Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarkar***

### Skjøtsel

Beste måten å skjømte ei gammal, artsrik eng på, er å følgje opp den tradisjonelle driftsforma, utan gjødsling og med sein slått. Det tradisjonelle slåttetidspunktet har variert noko frå stad til stad avhengig av klima og høgd over havet. Difor er det viktig å finne ut kva som har vore vanleg på den aktuelle lokaliteten eller i nærområdet frå gamalt av. Slått før 10. juli var svært uvanleg.

Ein bør nytte lett reiskap (ljå, tohjuls slåmaskin eller lettare traktor) der det er mogleg. Graset må bakkjetørkast eller hesjast før det vert fjerna. I tillegg til at ein får tørt og godt høy, er bakkjetørkinga viktig for at frøa til engartane både skal få modne ferdig og vert liggjande att på enga når høyet vert samla saman og køyrd vekk.

Mange stadar på Vestlandet har engene i tillegg vore beita, anten vår eller haust eller begge delar. Berre beiting kan ikkje erstatte slått, men er dette einaste moglege skjømte i en periode, er storfebeiting det mest skånsame. Storfeet vel ikkje ut "godbitane" slik sauene gjer. Men beitepresset må ikkje vere for stort, og ein må rekne med noko manuell etterrydding. Der ein har tidlegblømande artar, som til dømes svartkurle, er det særleg viktig at ein unngår vårbeite.

### Restaurering

*Når det gjeld restaurering av engar som er i attgroing og utviding av eksisterande slåtteareal er det viktig å ikkje setje i gang med meir omfattande restaurering enn det ein klarar å følgje opp med skjømte i ettertid.*

Dersom det er mange delfelt som skal restaurerast, kan det vere lurt å ta det trinnvis over fleire sesongar. Slik vert det meir overkomeleg, og ein får erfaring med kor omfattande dei ulike tiltaka er og kor mykje ein kan vente å få gjennomført per sesong.

Hogst/grovrydding bør helst gjennomførast på frosen og gjerne bar mark. Då unngår ein skadar på undervegetasjonen, og samstundes er det enklare å få ein lågast mogleg stubbe. Rydding i snø kan vere meir tungvint. Mindre buskar og oppslag kan òg ryddast om sommaren når det er tørt og mykje av biomassen er samla i blada.

I slåtteenger som *ikkje* har vore tresette er det ikkje noko poeng i å setje att tre ved rydding, men gamle styvingstre bør få stå. Eit og anna lauvtre med fin og vid krone kan òg gjerne få stå. Alle gran/furu og framande treslag bør fjernast.

Etter hogst er det særleg viktig at alt ryddeavfall, kvist, stubbar og liknande vert samla saman og brend på eigna stader, og aller helst frakta ut av området. Dette for å unngå unødig oppgjødsling. Ryddeavfall som ligg spreidd utover vil elles fort føre til ny dominans av uønska snarveksande, konkurransesterk vegetasjon. Av same grunn er oppflising og spreing av flis i området ikkje å tilrå.

Attståande biomasse vil ta opp noko av næringa som vert frigjort frå daude røter av tre og buskar som har vert rydda bort. Dette gir ein gjødslingsverknad som lett fører til uønska nitrogenkrevjande artar (t.d. bringebær og brennesle). Gradvis opning er difor viktig. Gjødslingsverknad saman med auka ljosinnstråling fører gjerne òg til ein del etterrenning. Det er mest effektivt å slå lauvrenningane i juli, når det er minst energi samla i rotsystemet. Dette fell normalt saman med slåttetidspunktet. Det kan likevel vere nødvendig å rydde lauvrenningar fleire gonger dei par første sesongane.

Osp spreier seg ved rotskot, og rydding kan i mange tilfelle føre til omfattande renning. Det kan difor løne seg å ringborke osp ved å skjere eit ca. fem cm breitt band rundt treet nedanfor den nedste greina. Det er viktig at snittet er såpass djupt at all borken forsvinn, slik at transporten av næringsstoff stoppar heilt opp. Det er lettast å ringborke om våren. Etter tre somrar må dei daude trea fjernast.

Stubbar må kappast heilt ned til bakken, anten i samband med hogsten eller ved etterrydding på barmark. Større stubbar vil rotne fortare om ein skil borken frå veden med eit spett eller liknande, og deretter stappar jord i mellom. Med unntak av osp og or kan ein òg unngå renningar på denne måten. Dette kan t.d. vere aktuelt i kantar som hindrar ljosinnstråling til slåttemarka.

Problemartar som bringebær- og rosekratt, brennesle og mjørdurt vil normalt forsvinne ved slått over tid. Men for å få dei bort kan det i byrjinga vere nødvendig å slå fleire gonger per sesong med ljà eller krattryddar. Felt med einstape bør slåast ned med kjepp, ikkje skjerast ned. På denne måten held bregna fram med å transportere næring frå røtene, og utarmar dermed rotsystemet sitt. Bregna bør så fjernast om hausten.

For meir utfyllande stoff om skjøtsel, restaurering og hevd:

**Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker** er å finne på DN sine heimesider:<http://miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/Annet/Skjotselsboka/>



## B. Halså; Åkvika, Innergarden Hamna (13/3).

SØKBARE EIGENSKAPAR (for Naturbase)						
Namn på lokaliteten Åkvika, Innergarden, Hamna			Kommune Halsa		Områdenr.	
ID i Naturbase BN00079407		Sist registrert i felt av: Finn Oldervik og Dena Utne			Dato:07.07.2017	
Eventuelle tidlegare registreringar (år og namn) og andre kjelder (skriftlege og munnlege) Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997 Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s. Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999 Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart. Aune, E. I. 2004 Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Halså kommune. NTNU Vitensk.mus. Rapp. Bot. Ser. 2005-3: 1-31. Jordal, J. B. 2007 Slåtteeenger i Møre og Romsdal. Samanstilling av kunnskapen om biologisk verdifulle lokalitetar. MR Fylke, Landbruksavd. rapport nr. 1-2007. 112 s.  Asbjørn Heggem, pers. med.					Skjøtselsavtale: Inngått år: Utløper år:	
Hovudnaturtype: Slåttemark D01			100 % andel		Utform.: Fattig slåtteeeng (D0126)	
Tilleggsnaturtypar: Ingen			100 % andel			
Verdi (A, B, C): <b>A</b>			Etter NiN 2.0: Intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4)			
Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.) Bilde av mørkskjella vokssopp <i>Hygrocybe turunda</i> (VU)						
Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11) Ingen						
Stadkvalitet	Tilstand/Hevd	Bruk (no):			Vegetasjonstypar:	
< 20 m	x God	Slått	x	Torvtekt	Frisk fattigeng (G4) etter Fremstad (1997).	
20 - 50 m	Svak	Beite	x	Brenning		
50-100 m	Ingen	Pløying		Park/hagestell		
> 100 m	Gjengrodd	Gjødsling				
	Dårlig	Lauving				
OMRÅDESKILDRING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)						
INNLEIING						
<p>Den opphavlege skildringa er lagt inn 12.08.2011 av Kirstin Maria Flynn på grunnlag av eige feltarbeid 18.07.2011 saman med Bolette Bele og Asbjørn Heggem. Dette vart gjort i samband med kartlegging for skjøtselsplanar for slåtteeenger i Møre og Romsdal, ein lekk i oppfølginga av Handlingsplan for slåttemarker. Lokaliteten var tidlegare kartlagt (Jordal &amp; Gaarder 1997; Jordal 2007; Aune 2004) og lagt inn i Naturbase med Lokal_ID BN00079407. I 2011 vart det som opphavleg var ein lokalitet delt i to slik at berre den biten som låg oppom jordbruksvegen vart omfatta av skjøtselsplanen den gongen. Den 7. juli 2017 vart lokaliteten oppsøkt av Finn Oldervik og Dena Utne frå Bioreg AS saman med grunneigar og brukar, Asbjørn Heggem der formålet var å revidera eksisterande skjøtselsplan. Det vart då avgjort at knapt halvparten av arealet nedom jordbruksvegen som deler lokaliteten også skulle verta omfatta av skjøtselsplanen. Grunngevinga for dette var at også tilleggsarealet hadde ein struktur og eit artsmangfald som tilsa at også dette var slåttemark av A-verdi, eventuelt at arealet ville oppnå ein slik verdi etter relativt kort tids skjøtsel som slåttemark. Vi vurderte altså den avgrensa delen av arealet nedom</p>						



jordbruksvegen til også å ha tydelege natureng-kvalitetar, sjølv om det var litt meir gjødselspåverka enn det tidlegare avgrensa stykket.

#### PLASSERING OG NATURGRUNNLAG:

Etter ei ny vurdering i 2017 omfattar A-lokaliteten no altså både den øvre delen av ei større slåtteeng og knapt halvparten av den nedre delen sør for jordbruksvegen som deler lokaliteten (2,095 daa mot ca 0,55 daa før justeringa). Området ligg litt sørvest for Innergarden, Åkvika i Halså kommune. Det ligg i ei bratt sørvendt skråning med lauvskog rundt, dominert av forholdsvis kraftig hassel i øvre del og svartor i nedre del. Det går eit band med bergarter som glimmergneis, glimmerskifer, metasandstein og amfibolitt gjennom området. Dette gjev likevel lite av kalkkrevjande vegetasjon, men ein kan jo nemna knegras som gjerne veks der det er svakt baserikt. Lokaliteten ligg i grenseland mellom boreonemorale og sørboreal vegetasjonssone og vegetasjonsseksjonen er O2, klart oseanisk seksjon.

#### NATURTYPER, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPER

Naturtypen til lokaliteten er slåttemark, og den var av Flynn (2011) skildra som frisk fattigeng. Vegetasjonstypen er i hovudsak gulaks-engkveineng (G4) etter Fremstad (1997). Etter nyaste faktaark for slåttemark frå juli 2015, er lokaliteten å rekne som fattig slåtteeng. Etter NiN 2.0 er slåttemark en del av T32 semi-naturleg eng, og denne lokaliteten er å rekne som intermedier eng med klart hevdpreg (T32-C-4). Arealet utgjer truleg det som i sin tid var åker- og slåttemark på den gamle husmannsplassen, Hamna, no ein del av Innergraden i Åkvika.

#### ARTSMANGFOLD

Ved tidlegare kartleggingar er det funne eit overraskande stort artsmangfald på enga med heile 40 karplanter (av desse var 19 naturengarter) på eit kvadrat. Sjølv om det er gjort detaljerte kartleggingar her tidlegare, så vart det teke opp ei artsliste også i 2017. Frå før er nemnd følgjande artar inkl. kommentar; Arter som jordnøtt, storblåfjør, raudknapp, prestekrage og blåklokke er vanlege. Både storblåfjør og jordnøtt er ganske sjeldne elles i området, der særleg den siste gjerne er knytt til boreonemorale lokalitetar. Det veks også ein del knegras, englodnegras, gulaks, bleikstorr og engkvein her. Sopp vart ikkje særskild undersøkt da det var for tidleg på sesongen da feltarbeidet ble utført (2011), men det er tidlegare funne artar som kvit køllesopp, gulfotvokssopp (NT) og musserongvokssopp (NT), og landets første funn av fruktraudspore (*Entoloma sacchariolens*) (VU) vart gjort her.

Ved vitjinga i 2017 vart følgjande artar notert: Aurikkelsvæve, bakkesoleie, bakkefrytle, bleikstorr, blåklokke, blåkoll, bråtestorr, einer (lite), einstape, engfiol, enghumbleblom, engkvein, englodnegras, firkantperikum, gauksyre (nerkant), grasstjerneblom, gråor (i nerkant), gulaks, harerug, harestorr, hassel (små renningar i nerkant), hegg (i nerkant), hundegras, hårsvæve sp., jonsokkoll, jordnøtt, knegras, kvitveis, lækjeveronika, løvetann sp, marikåpe, sp. mjødurt (i nerkant), mørkkongsløys (i nerkant), nattfiol grov, prestekrage, raudkløver, raudknapp, revebjølle, rogn (i nerkant), Rosa sp. (i nerkant), ryllik, setersvæve (i nerkant), smyle, skogstorkenebb (i nerkant), skogfiol (i nerkant), skogsvinerot (i utkanten), smalkjempe, stankstorkenebb, storblåfjør, svartor (i nerkant), svæve sp., sølvbunke, tepperot, tiriltunge, tviskjeggveronika. Mørkskjella vokssopp *Hygrocybe turunda* (VU) vart funne i øverkant av jordbruks-vegen.

#### BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD

Historikk: Åkvik i Halså har ei svært interessant historie og garden er nemnd første gongen i skriftlege kjelder så tidleg som i 1303. Om historikarane har rett, så var det ei nordmørsk lendermannsætt som sat på garden den tida. Også seinare, på 1600- og 1700-talet var Åkvika bustad for m.a. offiserar og anna «storfolk». Garden var opphavleg einbølt, men ved slutten på 1700-talet vart den todelt, Nistu (bnr. 1) og Oppistu (bnr. 2). Så seint som ved midten av 1930-talet vart Innergarden utskilt frå Oppistu på Åkvik og fekk bnr. 3.

Husmannsplassen Hamna, var truleg om lag identisk med den slåttemarka som denne skjøtselsplanen omfattar eller helst noko større. Den vart utskild frå Nistu, Åkvik i 1836. Hamna var ingen stor plass og i 1875 fødde dei 1 ku, 1 ungnaut og 7 sauer her. Utsånaden same året var

½ tønne bygg, ½ tønne havre og ½ tønne potet. Mesteparten av det arealet som vert rekna som slåtteland i dag var nok åker for om lag 150 år sidan. I Vaagland (1954) er det eit grunnriss av huset på plassen og dette viser at fjøset var samanbygd med bustaddelen, noko som ikkje var uvanleg på små plassrom i tidlegare tider. Då siste plassfolket vart gamle gav dei opp plassen og husa vart seld. Det var ein frå Skarpnes på Smøla som kjøpte dei og truleg hamna huset der ute. Berre murane er å sjå på den gamle «plassen» no. Ein trur ikkje drifta på plassen varte særleg mange år etter 1900.

Nyare bruk: Vi er usikre på kva som hende med Hamna etter at plassfolket gav opp drifta, men truleg grodde dei gamle åkrane til med naturgras slik at det etter kvart vart slåtteeng. Truleg vart det slått med ljà i Hamna frå om lag 1930 (1920?) og fram til om lag 1970 då far til noverande eigar dreiv Innergarden. Det største stykket, dvs. det som ligg nedom den gamle jordbruksvegen var litt gjødsla med kunstgjødsel fram til om lag 1970. Seinare har det stort sett berre vore beita nedom vegen, medan stykket oppom vegen har vore slått kvart år fram til no.

Situasjonen i dag: I 2011 utarbeidde Miljøfaglig Utredning ei skjøtselsplan for stykket oppom vegen. Det var Kirstin Marie Flynn som laga denne planen etter oppdrag frå Fylkesmannen. Denne planen er gjeldande i dag og er følgt opp av eigaren, Asbjørn Heggem.

Ved ei undersøking gjort sommaren 2017, vart også mykje av stykket nedom vegen vurdert å ha kvalitetar som tilsa at skjøtselsplanen også burde omfatta ein god del av dette engarealet. Elles kan det nemnast at det i 2017 også vart slått om lag eit mål nedom vegen der graset var turka og køyrd til gards som for til sauene.

#### FRAMANDE ARTAR

Det er ein del granspirer, særleg nedom vegen som spreier seg frå plantefelt i nærleiken.

#### SKJØTSEL OG OMSYN

Engene bør slåast ein gong i året etter 10. juli (helst noko seinare). Graset bør bakketørkast i to-tre dagar (evt. hesjast) før det vert samla saman og frakta vekk for å unngå ein gjødslingseffekt om graset vert liggjande og rotne. Alle småtre og buskar på enga bør fjernast, samt einskilde av dei store trea i kantane. For å få bukt med einstapen bør den knekkast med kjepp ein gong om våren (mai), slås under slåttan og knekkast med kjepp igjen om hausten. Ein kan også bryta einstapen om ein finn det enklare enn å nytta kjepp (grunneigaren meinte dette gav betre resultat enn å nytta kjepp). Det vil ta nokre år før den blir borte. Fysiske inngrep, gjødsling (også i form av tilleggsforing eller beitepussing) og sprøyting vil kunne øydelegge verdiane svært fort. Det er også viktig å hindre lauvtrerenningar, samt gran og furuskot i å spreie seg. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast. Både vår- og haustbeite er truleg positivt på denne lokaliteten, men eventuell vårbeitinga bør avgrensast til mai. Etter som vi har forstått grunneigaren, så vart det vårbeita her den tida det var storfe på garden (til ca 2005?)

#### DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP

Enga er en del av ei litt større eng og ligg i eit kulturlandskap som i hovudsak består av intensivt drivne jordbruksareal. Det er få andre verdifulle slåtteenger i området.

#### VERDIVURDERING:

Etter verdisettingsmatrisa nov. 2014. Det er 6 kriterium som blir vurdert i samband med verdisettinga av ein slåttemarkslokalitet. Det er 1) Storleik, 2) Typevariasjon, 3) Artsmangfald, 4) Tilstand, 5) Påverknad, 6) Landskapsøkologi.

Vurdering: Arealet er over 1 dekar etter den nye avgrensinga, noko som gjev høg vekt. Kriterium nr. 2, typevariasjon gjev låg vekt i og med at det berre er ein grunntype i NiN. Ser vi på kriterium nr. 3, artsmangfald, så er det tald 21 KST-artar på lokaliteten. Dette i seg sjølv tilsvarar ein A-lokalitet i og med at dette er ei fattigeng. Av raudlista sopp er det registrert 2 NT-artar og 2 VU-artar. Også dette tilsvarar høg vekt. Sidan det er lite attgroing å spora på det avgrensa arealet, så gjev kriterium nr. 4 høg vekt og det same gjer kriterium nr. 5 sidan lokaliteten er i aktivt bruk. Kriterium nr. 6. landskapsøkologi derimot får låg vekt då denne aktuelle lokaliteten er den einaste kjende i dette området. Men samla sett så er dette ein sterk A-lokalitet og det er viktig å vidareføra slåtteskjøtsel på heile lokaliteten.

## SKJØTSELSPLAN

DATO skjøtselsplan: 31.10.2017	UTFORMA AV: Finn Oldervik (Rapport og skjøtselsplan), Solfrid Helene Lien Langmo (kart) & Dena Utne (Bilder og artsliste)		FIRMA: Bioreg AS	
UTM 32N X: 459653 Y: 6994603	Gnr/bnr. 13/3	AREAL (nåværende): 0,55 daa	AREAL etter evt.restaurering:- 2,095	Del av verneområde? Nei
Kontakt med grunneier/bruker (ev /informant). Før opp tidsperioder, ev datoer. Namn: Asbjørn Heggem, noverande brukar. Samtale då lokaliteten vart reinventert den 7. juli 2017. Fleire telefonintervju hausten 2017. Telefonintervju og E- postutveksling med Heggem i oktober 2017 og desember s. å.			Type kontakt (befaring, tlf, e-post med mer). Telefonisk kontakt ved ulike høve.	

### MÅL:

#### Hovudmål for lokaliteten:

- Det langsiktige målet er at lokaliteten skal haldast i god hevd med årleg slått og fjerning av høy etter tørking på bakken eller eventuelt hesjing. A-verdien på lokaliteten skal oppretthaldast ved at populasjonar av raudlista artar av beitemarkssopp og KST-artar av kulturmarksengplantar skal haldast på same nivå som i dag, eller aukast. (For liste over karakterartar, sjå artslista i vedlegg 1!)
- Det er også eit mål at den typiske jamne slåttemarkstrukturen vert teke vare på eller vert forbetra der den er mindre god. Slåttemarka skal liggja i eit ope landskap og kantsoner skal ikkje skuggast ut av skog og kratt.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, sprøytast, grøftast eller pløyast. Det bør heller ikkje brukast beitepussar.
- Det skal ikkje nyttast tung traktorreiskap på lokaliteten. Til slått bør ein nytta tohjulsåmaskin og/eller ljå.

#### Delmål for lokaliteten:

- Behov for litt rydding av nokre lauvtrerenningar, særleg i kantsonene - dette for å unngå utskugging av vegetasjonen i slåttemarka. Det er og nokre granspirer som spreier seg frå eit plantefelt i nærleiken som må fjernast. Det same gjeld furuspirer.
- Eventuell transport med traktor må gjerast på frossen mark, eller helst utanfor lokaliteten.

#### Tilstandsmål artar:

- Artsmangfaldet i slåttemarka skal oppretthaldast eller helst aukast jfr. artslista i vedlegg 1.
- Populasjonar av artane i lista over KST-artar skal oppretthaldast eller helst aukast (Sjå artslista for lokaliteten i vedlegg 1!)
- Populasjonar av raudlisteartar av beitemarkssopp eller frå eventuelt andre artsgrupper (som til dømes sommarfuglar eller andre som kan verta påvist i framtida) skal oppretthaldast eller helst utvidast.

#### Mål for nedkjemping av problemartar/gjengroing:

- Parti med mykje einstape kan i alle fall dei første par åra slåast to gonger for sesongen. Den første slåtten vert utført som punkt slått i St-Hans-tida, og avlinga vert fjerna med det same. Den andre slåtten vert utført saman med resten av arealet. Elles viser vi til råd mot einstape omtala i den generelle delen.

#### Tiltak:

- Årleg slått helst ikkje særleg før 15.07. og helst seinast innan 15.08<sup>1</sup>., tørking av graset enten på bakken eller i hesje i minst to dagar og fjerning av høyet.
- Tynning av kantskog som nemnd over. Det er litt skog og kratt som må fjernast rundt kantane, særleg i øverkant, og dette arbeidet kan gjerne takast over fleire år. Kvisten må fjernast frå lokaliteten. Om denne vert brend (NB! Sjekk lokale brannforskrifter!), så skal dette gjerast på fast bål plass utanfor lokaliteten.
- Om det er interesse for dette, kan også areal utanfor den avgrensa lokaliteten, særleg mot vest slåast. Dette arealet vart pløygd og tilsådd så seint som på 1980-talet, så det er nok ein god del arter her enda som ikkje høyrer heime i ei slátteeng, men etter nokre år går gjerne slike artar ut. Så på sikt kan også dette arealet utvikla seg til å verta ei fin blomstereng etter kvart. Graset frå dette arealet bør turkast der det er slått om det skal brukast til for.

AKTUELLE TILTAK:	Prioritering (år)	Kostnad	Kontroll: (Dato) Haust
<b>Generelle tiltak:</b> Årleg slått helst ikkje særleg før 15.07., og helst innen 15.08., tørking av graset minst to dagar og fjerning av høyet.	Årleg	2,1 daa à kr 2000,- = kr.4200.-	
<b>Aktuelle restaureringstiltak, utover dei generelle:</b> Rydding av litt skog og kratt, samt fjerning av eventuelle lauvtrerenningar og gran/furuspirer innan slåttemarka. Kvist og anna avfall må også fjernast frå området	Annakvart år	1/2 dagsverk kvart av åra = kr. 1.250 pr. år	
<b>Aktuelle årlege skjøtselstiltak, utover dei generelle:</b> Årleg punkt slått av areal dominert av artar som einstape med umiddelbar fjerning av avlinga. Bryting av stilkene på einstapen slik at rota armast ut. Resultatet av innsatsen bør evaluerast etter ca 5 år.	Årleg	1/2 dagsverk kvart år = kr 1250,- pr. år	
<b>Eingongstiltak</b> Oppsetjing av permanent gjerde à 230 m med impregnerte stolper og sauenetting. Dette gjev høve til konsentrert vår- og til haustbeiting, der særskild det siste er viktig. Innkjøp av tilbehør (netting og stolper), samt oppsetjing av ca 230 m med sauegjerde To grunder på jordbruksvegen Samlet sum for komplett gjerde	2018	Kr. 14.000 Kr. 3.000 Kr. 17.000	
<b>UTSTYRSBEHOV:</b> Tohjuls slåmaskin, ryddesag, ljà, høygaffel, rive, presenning, motorsag, øks			
<b>OPPFØLGING:</b> Skjøtelsplanen skal evaluerast innan, 5 år: Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Beitemarksopp er framleis lite undersøkt.			
Tilskot søkt år:		Søkt til:	
Tilskot tildelt år:		Tildelt frå:	
Skjøtelsavtale parter:			
<b>ANSVAR:</b> Person(-er) som har ansvar for iverksetting av skjøtelsplanen.			

<sup>1</sup> Vi kjenner til at slått på Nordmøre tradisjonelt skulle ta til den 10. juli, men den første slått dreia seg oftast om «småslått» kring husa. Dei fleste slátteengene vart slått ein god del seinare enn dette. Det viktigaste for skjøtelsen i dag må likevel vera kor vidt blomsterplantane har fått mogne frø når engene vert slått - i alle fall dei fleste åra - ikkje at ein heng seg opp i ein bestemt dato.

## Ortofoto/kart



Figur 2. Dette kartet frå Q-gis viser avgrensinga av den aktuelle lokaliteten merka med raudt og grøne striper. Det som ligg utanfor slåttemarka av A-verdi og som er avgrensa med grønt, samt grøne striper er også definert som slåttemark, men berre av C-verdi slik som før. Lokaliteten må justerast i samsvar med nye avgrensing i Naturbase. I skogkrullen i det nordvestre hjørnet av den nyavgrensa slåttemarka finn ein tuftene etter husa på den gamle husmannsplassen.

## Bilete




Figur 3. Biletet viser den raudlista vokssoppen, mørkskjella vokssopp eller *Hygrocybe turunda* som den heiter på latin. Soppen vart funnen på kanten av jordbruksvegen som går gjennom lokaliteten. Det er lett å sjå dei mørke skjella på biletet. Foto: Dena Esther Utne, Bioreg AS © 07.07.2017.





Figur 4. Biletet er tatt frå sørvest i nedre delen og austover mot øvre delen. Diverre er biletet noko uklårt, men ein kan tydeleg sjå at det veks ein god del blåklokke også i nedre delen, og ein kan også skimte nokre eksemplar av raudknapp. Foto; Dena Esther Utne, Bioreg AS © 07.07.2017.



Figur 5. Biletet viser ein perlemorsommarfugl som sit på ein raudkløverblomst i slåtteenga i Hamna. Slåttemarkar/blomsterenger er det viktigaste habitatet for svært mange av sommarfuglane våre. Det same gjeld mange av bestøvningsinsekta våre slik som mange humleartar. Det er difor svært viktig å ta vare på dei gjenværande slåtteengene våre både med omsyn til flora, funga og fauna. Foto; Dena Esther Utne, Bioreg AS © 07.07.2017.





Figur 6. Biletet viser vegetasjonsdetalj frå øvre delen. Vi kan m.a. sjå blåfjør. Ganske mykje tepperot, smalkjempe, gulaks - og oppe i venstre hjørne, eit einsleg knegras som er lett å kjenna på dei store småaksa sine. Foto: Dena Esther Utne, Bioereg AS © 07.07.2017.

## Kjelder

### Litteratur:

Aune, E. I. 2004 Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Halså kommune. NTNU Vitensk.mus. Rapp. Bot. Ser. 2005-3: 1-31.

Flynn, K. 2011. Skjøtselsplan for Åkvika: Innergarden slåtteemark, Halså kommune i Møre og Romsdal fylke. Miljøfaglig Utredning notat 2011-36, 11 s.

Jordal, J. B. 2007 Slåtteenger i Møre og Romsdal. Samanstilling av kunnskapen om biologisk verdifulle



lokaliteter. MR Fylke, Landbruksavd. rapport nr. 1-2007. 112 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997 Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999 Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Miljødirektoratet. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. Ny revidert utgave av DN-håndbok 1999-13 (under revisjon).

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Vaagland, N. M. 1954. Halsaboka. Bygdebok. 1. bind. 512 s.

### **Munnlege kjelder:**

Asbjørn Heggem, bruk. og eier. Tlf.: 971 20 372 el 715 58 250, E-post: [asbj.heggem@svorka.net](mailto:asbj.heggem@svorka.net)

### **Internett:**

#### **Dato**

03.10.17

03.10.17

#### **Nettstad**

Miljødirektoratet, Naturbase

Artsdatabanken, Raudlista, Artskart og NiN

# Vedlegg 1. Artsliste

---

Artsliste for slåttemarkslokaliteten Hamna, Innergarden, Åkvika i Halså kommune.

KST-arter er merka med feit skrift

Av plantar vart det den 7. juli 2017 påvist:

**Aurikkelsvæve**, bakkesoleie, **bakkefrytle**, bleikstorr, **blåklokke**, blåkoll, bråtestorr, einer (lite), einstape, **engfiol**, enghumbleblom, engkvein, englodnegras, firkantperikum, gauksyre (nerkant), **grasstjerneblom**, gråor (i nerkant), **gulaks**, **harerug**, **harestorr**, hassel (små renningar i nerkant), hegg (i nerkant), hundegras, **hårsvæve sp.**, jonsokkoll, **jordnøtt**, **knegras**, kvitveis, **lækjeveronika**, løvetann sp, marikåpe, sp. mjøddurt (i nerkant), mørkkongsglys (i nerkant), **nattfiol grov**, **prestekrage**, raudkløver, **raudknapp**, revebjølle, rogn (i nerkant), Rosa sp. (i nerkant), ryllik, **setersvæve** (i nerkant), smyle, skogstorkenebb (i nerkant), skogfiol (i nerkant), skogsvinerot (i utkanten), **smalkjempe**, stankstorkenebb, **storblåfjør**, svartor (i nerkant), **svæve sp.**, sølvbunke, **tepperot**, **tiriltunge**, tviskjeggveronika. Mørkskjella vokssopp *Hygrocybe turunda* (VU) vart funne i øverkant av jordbruks-vegen.

## Vedlegg 2. Definisjonar

---

Under er ei enkel forklaring på nokre omgrep bruka i skjøtelsplanane.

*Karakterartar* vil i desse skjøtelsplanane seia planteartar som karakteriserer kulturmarkseng. Tidlegare vart desse artane ofte kalla naturengplantar og/eller seterartar. I mangel på noko betre viser vi til fylgjande rapport: John Bjarne Jordal og Geir Gaarder: Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Planter og sopp i naturbeitemarker og naturenger. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruks-avdelingen, rapport nr. 2 - 95. ISSN 0906-0363. ISBN 82-91585-01-6. Tabellen over kulturmarksengplanter (naturengplanter) hadde nok hatt behov for ein revisjon der artsutvalet blir gjort meir spesifikt for de ulike utformingane av kulturmarkseng.

Ved å følgje denne linken kan en lasta ned rapporten til Jordal & Gaarder frå 1995. Lista står på side 15 ff i rapporten; <http://www.jbjordal.no/publikasjoner/MR1994.pdf>.

*Kulturmarksengarter*: Engplantar med relativt låg toleranse for attgroing og gjødsling. Oftast er dei relativt lågvaksne og krev mykje ljøs, difor blir dei ofte skugga ut av meir høgvaksne og nitrofile artar, dvs. artar som trives best på godt gjødsla mark. «Naturengplantane» er utsette i dagens kulturlandskap fordi områda der de trivst, stadig blir mindre vanlege (Jorddal og Gaarder, 1995).

I samband med utarbeiding av kartleggingssystemet **Natur i Noreg**, også kjend som NiN, er det utarbeidd lister over artar knytt til ulike naturtypar (generaliserte artslistedatasett) som mellom anna semi-naturleg eng (T 32). Desse datasetta er i sin tur brukte som grunnlag for inndeling av hovudtypen T 32 i grunntypar. I T 32 finst det i dag 21 grunntypar.

For å forstå denne inndelinga, må ein først vete kva for LKM (Lokale Komplekse Miljøvariablar) som dannar grunnlaget for naturtypen semi-naturleg eng. Desse er også omtala som gradientar. Dette er;

- Hevdintensitet (HI), som vil seie kor tydelege prega av hevd eit område er. Denne skalaen strekkjer seg heilt frå område med svært svak hevd (trinn a), som ofte tilsvarar beita skogsmark, og opp til svært intensivt hevdpreg (trinn j), som tilsvarar fulldyrka jordbruksmark
- Kalkinnhald (KA), som seier noko om kor baserikt eit område er. Skalaen strekkjer seg frå trinn a, som er svært kalkfattig, med få eller ingen basekrevjande artar, og opp til trinn i som er svært kalkrikt med mange ekstremt basekrevjande artar.
- Uttørkingsfare (UF), som seier noko om fuktigheita i marka. Denne går frå trinn a, som er frisk mark, til ekstremt tørkeutsett mark (trinn h).

For ytterlegare utgreiing om semi-naturleg eng etter NiN, sjå Artsdatabanken sine heimesider: <http://data.artsdatabanken.no/Pages/171950>.

Ytterlegare utgreiing om artsomgrepa i NiN 2.0 er gitt i vegleiar for Dokumentasjon av NiN versjon 2.1 tilrettelagt for praktisk naturkartlegging i målestokk 1 : 5000. Denne, saman med utgreiing om kartlegging etter NiN, og artikkel om korleis ulike artar fordeler seg langs viktige LKM mellom anna i semi-naturleg eng, finst på Artsdatabanken sine nettsider;

<http://data.artsdatabanken.no/KartleggingNiN>.

NB! Artiklane på Artsdatabanken sine heimesider vert oppdaterte med jamne mellomrom.

I NiN opererer ein elles med fleire uttrykk for å karakterisere artsmangfald, og korleis artane fordeler seg langs gradientane omtala ovanfor (KA, HI og UF), innanfor dei ulike grunntypene. Samla er dei artane som kan vere med å identifisere ein naturtype, i dette tilfellet semi-naturleg eng (T32), kalla for diagnostiske artar.

Skiljeartar (s) er artar som har høgare dekning/frekvens i ein av to typar som vert samanlikna. Under denne kategorien opererer ein med fleire uttrykk som

- relativ skiljeart - art som normalt har høgare dekning/frekvens i ein av to typar som vert samanlikna, men som førekjem i begge typene.
- svak relativ skiljeart ( $s^-$ )
- sterk relativ skiljeart ( $s^+$ )
- absolutt skiljeart ( $s^*$ ) - art som normalt berre førekjem i ein av to typar som vert samanlikna

Eksempelvis er tyttebær rekna som ein sterk skiljeart mellom HI trinn b, og c, som tyder at tyttebæra går ut når hevdten vert for intens, som hardt beitetykk eller slått. Skogstorkenebb er rekna som sterk skiljeart mellom kalkfattig og intermediær eng, mellom KA c og d.

Tyngdepunktartar (t) er artar som har høgare frekvens og dekning i ein type (hovudtype eller grunntype) enn i eit samanliknbart utval av typar (eks andre hovudtypar i same hovudtypegruppe eller andre grunntypar som høyrer til same hovudtype). Eks. beitemarksopp er rekna som tyngdepunktartar i hovudtypen semi-naturleg eng, og som tyngdepunktartar langs gradienten hevdintensitet (HI) på trinna c og d – som tilsvarar klart hevdpreg. Som kjent forsvinn dei fleste av desse artane om området over lang tid får gro att med skog, eller om ein over lang tid gjødselar med kunstgjødsel. Begge desse tilfella er eksempel på sterk endring i hevdintensitet (HI).

Mengdeartar (m) er artar med større dekning eller biomasseandel enn 1/8 i eit utval av enkeltobservasjonseiningar. Dette vil i praksis seie ein art som førekjem med 1/8 dekning eller biomasseandel innanfor eit representativt utval av 100 m<sup>2</sup>-ruter innanfor artens utbreiingsområde, eller innanfor eit representativt utval at 100 m<sup>2</sup>-ruter i heile Noreg, dersom arten førekjem i heile landet.

Vanleg er ein art med frekvens større enn 1/8 i eit utval av enkeltobservasjonseiningar. Dette vil i praksis seie ein art som har ein frekvens større enn 1/8 innanfor eit representativt utval at 100m<sup>2</sup>-ruter innanfor artens utbreiingsområde, eller innanfor eit representativt utval at 100m<sup>2</sup>-ruter i heile Noreg, dersom arten førekjem i heile landet.

Konstant art er ein art med frekvens større enn 4/5 i eit utval av enkeltobservasjonseiningar. Dette vil i praksis seie ein art som har ein frekvens større enn 4/5 innanfor eit representativt utval at 100 m<sup>2</sup>-ruter innanfor artens utbreiingsområde, eller innanfor eit representativt utval at 100 m<sup>2</sup>-ruter i heile Noreg, dersom arten førekjem i heile landet.

## Vedlegg 3. Vegleiiing til skjøtselsplanskjema, B - spesiell del

---

Skjema B- spesiell del er delt opp i tre hoveddeler: Søkbare egenskaper (for Naturbase), Områdebeskrivelse (for Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplan) og Skjøtselsplan. For søkbare egenskaper er det viktig at de begrepene og kodene som er oppgitt brukes. Områdebeskrivelse og beskrivelse av skjøtsel skal være ren tekst som ikke blir søkbar. For mer utfyllende forklaringer, se DN-håndbok 13 2. utgave 2006 <http://www.dirnat.no/content.ap?thisId=500031188&language=0>

### Søkbare egenskaper:

**Områdenavn:** Offisielle stedsnavn etter vedtatte rettskrivingsnormer, dvs. normalt navn fra kartblad i M711-serien. Ved bruk av navn fra økonomisk kartverk oppgis i tillegg nærmeste stedsnavn på M711-kart. Eventuelt med støttenavn i tillegg (d.v.s. lokale stedsnavn som ikke står på kart, eller områdenavn).

**Områdenr.:** Løpenummer. Nummeret skal være unikt (to geografisk atskilte områder kan ikke ha samme nummer) og vil i en fylkes-/nasjonal sammenstilling starte med kommunenummeret.

**IID i Naturbase** oppgis hvis området ligger i Naturbase fra før.

**Registrert av: (Inventør/kartlegger):** Angi alle som har vært med på å fremskaffe primærdata i felt.

**Tidligere registrert:** Angi årstall for ev. tidligere kartlegging av lokalitet. Få fram om lokaliteten har blitt undersøkt gjentatte ganger. Referanse til rapporter settes opp under Kilder mot slutten av dokumentet

**Naturtype:** Etter DN-håndbok 13 om naturtypekart-legging. **Utforming(er):** Etter DN-håndbok 13. usikkerhet m.m. utdypes i områdebeskrivelsen. **Mosaikk:** En lokalitet kan inneholde en småskala mosaikk som det er vanskelig å avgrense, og der avgrensingen har liten praktisk betydning for planlegging og forvaltning. Lokaliteten plasseres da i den naturtypen det er mest av, eller den som er viktigst. Andre naturtyper eller utforminger som forekommer på lokaliteten registreres som mosaikk (tilleggsnaturtyper/-utforminger, helst med prosentandeler).

**Verdi:** A, B, C. Usikkerhet og gradering angis i områdebeskrivelsen.

**Stedkvalitet:** Avgrensingens nøyaktighet beskrives i 5 kategorier. Sett kryss.

**Påvirkningsfaktorer (tekniske inngrep m.m.):** Etter liste i vedlegg 11 i DN-håndbok 13.

**Tilstand (hevd):** For kulturbetingete lokaliteter oppgis tilstanden etter 5-gradert skala. Sett kryss. Under tilstand i områdebeskrivelsen nedenfor ønskes en mer utfyllende beskrivelse.

**Bruk:** For kulturbetingete lokaliteter oppgis *nåværende* bruk. Sett kryss. I områdebeskrivelsen nedenfor ønskes en mer utfyllende tekst om tidligere og nåværende skjøtsel.

### Områdebeskrivelse

**Områdebeskrivelse:** Skal være forvaltningsrettet, tilpasset brukeren og må være tilstrekkelig til å kunne begrunne valg av naturtype, verdi og skjøtsels- og restaureringstiltak som skal ivareta lokaliteten.

**Innledning:** Opplysninger om kartleggingen/ skjøtselsplanarbeidet. I hvilken sammenheng kartleggingen er gjort, hva som er gjort tidligere, om den nye beskrivelsen supplerer eller erstatter tidligere beskrivelser og lignende.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Geografisk beliggenhet og supplerende opplysninger til kartet, evt. buffersone beskrives. Hvor nøyaktig er avgrensningen? Sistnevnte kan variere, både som følge av kartleggingsmetodikk og naturgitte årsaker, og det bør skilles mellom disse to faktorene. Viktige topografiske og geologiske forhold. Viktige naturgitte faktorer som påvirker økosystemets stabilitet (skogbrann, flom, nedbør/luftfuktighet, vind).

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Supplerende opplysninger om naturtyper, utforminger og mosaikk oppgis her, samt supplerende opplysninger om truede vegetasjonstyper og evt. andre viktige vegetasjonstyper. Hvis naturtyper/vegetasjonstyper som ikke er prioriterte er inkludert, skal dette nevnes og begrunnes (f.eks. av arronderingsmessige årsaker).

**Artsmangfold:** Typiske/karakteristiske/dominerende arter. I hagmark/lauveng bør ulike treslag angis, samt deres mengdefordeling. I tillegg kan arter som supplerer eller spesifiserer ytterligere i forhold til naturtype-/vegetasjonstypebeskrivelsen nevnes. Alle sjeldne, kravfulle og rødlistede arter skal listes opp med antall/mengde for artene, samt funnhistorikk.

**Bruk, tilstand, påvirkning:** Utfyllende opplysninger om tilstand, inngrep, andre påvirkningsfaktorer, historikk og bruk. *Bruk:* Nåværende og tidligere bruk skal beskrives. For tidligere bruk menes tradisjonell drift, (helst tilbake til før krigen). Kontinuitet i bruk/ikke bruk: Angi perioder (årstall) med ev. opphør av drift. Perioder (årstall) med ev. intensivering av drift, eks: flere slåtter pr år, økt gjødsling (type og mengde gjødsel med mer). For *tilstand* angi

her eventuell avvikende skjøtsel: Slått men gras er igjen, slått ved plenklipping, bare beiting osv. For slåttemyr er grøfting og slått viktig. For kystlynghei er brenning og beiting viktig. Noter type gjengroingsarter og grad av gjengroing. Avgrens gjerne på ortofoto arealer med preg av forfall. NB: (Dette blir supplerende opplysninger til rubrikken *hevd* ovenfor) Påvinningsfaktorer kan i tillegg registreres som søkbar egenskap for alle naturtyper. For kulturlandskap kan bruk registreres som søkbar egenskap.

**Fremmede arter:** Forekomst og tiltak. (hvor de vokser avmerkes på ortofoto/kart).

**Kulturminner:** Forekomst av spesielle kulturminner i lokaliteten, eks bakkemurer, steingjerde, stakksneis osv.

- **Skjøtsel og hensyn:** Skjøtsel er aktive tiltak for å fremme naturverdiene. Hensyn er passive tiltak for å unngå skadelige aktiviteter for lokaliteten, eller visse former for bruk/inngrep som ikke vesentlig påvirker de naturverdiene som skal ivaretas. Konkrete forslag og behov for å ta spesielle hensyn utenfor lokaliteten bør det nevnes her. Det gis her en kortere oppsummering av det som skrives i skjøtelsesplanen om mål for skjøtsel, tilstand, skjøtselstiltak, tidsplan m.m.
- **Del av helhetlig landskap:** Sammenheng med andre områder innenfor et større areal. Det vil ofte være aktuelt å vise til nærmere beskrivelse i dokument eller kilde på faktaarket.
- **Verdibegrunnelse (Obligatorisk):** A, B eller C. Angi kort hvilke faktorer som i størst grad bidrar til verdien som er satt. Eventuell usikkerhet i forhold til verdien bør nevnes. Eventuelle utviklingstrekk som støtter verdivalget, nevnes. Om lokaliteten har endret verdisetting siden forrige registrering bør dette begrunnes her. Restaureringspotensialet til lokaliteten bør inn i verdivurderinga, om (deler av) eng er i forfall.
- **Merknad:** Her kan det legges inn uthevet kommentar om at lokaliteten må oppsøkes på nytt, at avgrensingen er for unøyaktig m.m..

## Skjøtelsesplan

**Dato skjøtelsesplan:** Dato for ferdigstilt skjøtelsesplan.

**Utformet av:** Navn på ressursperson som har skrevet planen ev hvem som har veiledet skjøtelsesplanarbeidet.

**UTM:** Sett inn koordinater for midtpunkt i polygonet, **Gnr/bnr:** Oppgi alle gårds og bruksnummer innen lokaliteten som skjøtelsesplanen gjelder for. (Kan bli mange for store lokaliteter som kystlynghei. Her kan dere få hjelp av kommunen).

**Areal (nåværende og etter evt. restaurering):** Oppgi areal på lokaliteten ved registrering, om aktuelt angi også areal etter at restaureringstiltak er gjennomført dersom dette vil endre på arealstørrelsen.

**Del av verneområde:** Det skal noteres om området ligger helt eller delvis innenfor et verneområde.

**Kontakt med grunneier/bruker:** Det er meget viktig å holde god dialog med grunneier/ev. bruker under hele skjøtelsesplanprosessen, slik at skjøtelsesplanen blir konkret og tilpasset grunneierens behov, kapasitet og drif. Det skal dokumenteres at skjøtelsesplanskriver har hatt denne dialogen, og med hvem dialogen er ført.

**Mål:** Deles opp i hovedmål, delmål, ev. mål for delområder, samt tilstandsmål for enkelte arter. Rødlistearter, karakterarter, totalt antall arter. Konkretiseres med % økning innen et tidsrom, eks innen 10 år. Er lokaliteten i god hevd vil det være et mål i seg selv å beholde dagens artsinventar og fordeling. Om området ligger innefor et verneområde og har konkrete bevaringsmål som vil påvirke skjøtelsen så skal dette beskrives her.

**Aktuelle tiltak:** Deles opp i: *Generelle tiltak* (med henvisning til A: generell del i skjøtelsesplanen), *Aktuelle restaureringstiltak, utover de generelle* dvs restaureringstiltak som er nødvendig for konkret denne lokaliteten og som ikke er beskrevet i den generelle delen. Det kan være behov for brenning, ringbarking, tidspunkt for tiltak, midlertidig plassering av kvisthauger, bekjemping av problemarter, eller spesielle *hensyn* knyttet til kulturminner, styvingstrær, hi/reir, fuktområder, adkomst til lokalitet, utkjøring av tømmer/ved, eiendomsstruktur osv.

Til sist; *Aktuelle årlige skjøtselstiltak, utover de generelle.* Eks spesifikke lokale slåttetidspunkt, behandling av høyet, bortkjøring, slått hvert år eller sjeldnere, ev før- og etterbeite, hva slags dyr, antall beitedyr, ev. tidsperioder for beiting. Lauving/styving; tidspunkt, behandling av kvister osv.

**Utstørsbehov:** Spesielle behov for utstyr til skjøtsel/restaurering.

**Oppfølging:** Det bør angis årstall for evaluering av tiltakene igangsatt etter skjøtelsesplanen. Om det er aktuelt med supplerende registrering av spesifikke artsgrupper så nevnes dette her.

**Tilskudd/skjøtelsesavtale:** Gi opplysninger om det er søkt midler RMP, SMIL ev andre miljømidler, samt opplys om det foreligger skjøtelsesavtale og hvor lenge den gjelder.

**Ansvar:** Navn på person(-er) som har ansvar for iverksettelse av skjøtelsesplanen, eks grunneier/bruker for gjennomføring av tiltak, samt person i forvaltningen for oppfølging av skjøtelsesavtaler med mer.

## Vedlegg 4. Åkvika: Innergarden delområde 2

<b>SØKBARE EIGENSKAPAR (for Naturbase)</b>						
Namn på lokaliteten Åkvika, Innergarden delområde 2			Kommune Halsa		Områdenr.	
ID i Naturbase BN00079406		Sist registrert i felt av: Finn Oldervik og Dena Utne			Dato:07.07.2017	
Eventuelle tidlegare registreringar (år og namn) og andre kjelder (skriftlege og munnlege) Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997 Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s. Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999 Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart. Aune, E. I. 2004 Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Halsa kommune. NTNU Vitensk.mus. Rapp. Bot. Ser. 2005-3: 1-31. Jordal, J. B. 2007 Slåtteeenger i Møre og Romsdal. Samanstilling av kunnskapen om biologisk verdifulle lokalitetar. MR Fylke, Landbruksavd. rapport nr. 1-2007. 112 s.  Asbjørn Heggem, pers. med.					Skjøtselsavtale: Inngått år: Utløper år:	
Hovudnaturtype: Slåttemark D01			100 % andel		Utform.: Fattig slåtteeeng (D0126)	
Tilleggsnaturtypar: Ingen			100 % andel			
			Etter NiN 2.0: Intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4)			
Verdi (A, B, C): <b>C</b>		Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.)				
Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11) Ingen						
Stadkvalitet	Tilstand/Hevd	Bruk (no):			Vegetasjonstypar:	
< 20 m	x God	Slått		Torvtekt	Frisk fattigeng (G4) etter Fremstad (1997).	
	x					
20 - 50 m	Svak	Beite	x	Brenning		
50-100 m	Ingen	Pløying		Park/hagestell		
> 100 m	Gjengrodd	Gjødsling				
	Dårlig	Lauving				
<b>OMRÅDESKILDRING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)</b>						
INNLEIING						
<p>Den opphavlege skildringa er lagt inn 12.08.2011 av Kirstin Maria Flynn på grunnlag av eige feltarbeid 18.07.2011 saman med Bolette Bele og Asbjørn Heggem. Dette vart gjort med føremål å laga skjøtselsplanar for slåtteeenger i Møre og Romsdal, ein lekk i oppfølginga av Handlingsplan for slåttemarker. Lokaliteten var tidlegare kartlagt (Jordal &amp; Gaarder 1997; Jordal 2007; Aune 2004) og lagt inn i Naturbase med Lokal_ID BN00079406. I 2011 vart det som opphavleg var ein lokalitet delt i to slik at berre den biten som låg oppom jordbruksvegen vart omfatta av skjøtselsplanen den gongen. Den 7. juli 2017 vart både den opphavelge slåttemarkslokaliteten med A-verdi og den med C-verdi oppsøkt av Finn Oldervik og Dena Utne frå Bioreg AS saman med grunneigar og brukar, Asbjørn Heggem, der formålet med undersøkinga var å revidera eksisterande skjøtselsplan for A-lokaliteten. Det vart då avgjort at knapt halvparten av arealet nedom jordbruksvegen som deler lokaliteten også skulle verta omfatta av skjøtselsplanen. Grunngevinga for dette var at også tilleggsarealet hadde ein struktur og eit artsmangfald som tilsa at også dette var slåttemark av A-verdi, eventuelt at arealet ville oppnå ein slik verdi etter</p>						



relativt kort tids skjøtsel som slåttemark. Vi vurderte altså den avgrensa delen av arealet nedom jordbruksvegen til også å ha tydelege natureng-kvalitetar, sjølv om det var litt meir gjødselspåverka enn det tidlegare avgrensa stykket. Restarealet (det som denne skildringa omfattar) vart vurdert å vera betydeleg mindre verdifullt enn det som no er definert som ein A-lokalitet av slåttemark. Årsaka til denne forskjellen er noko ulik frå delområde til delområde innan lokaliteten – mellom anna er einstape svært utbreidd nokre stadar – særleg i aust. Mot vest er det ein del av lokaliteten som er jordbearbeidd i seinare tid grunna eit sprengningsuhell der store mengder sprengstein hamna inne på lokaliteten. Det er også teke nokre praktiske omsyn – m.a. var det viktig for grunneigaren at det var god passasje for beitedyra ned mot sjøen slik at dei fritt kunne forflytta seg innan eit større beiteområde.

#### PLASSERING OG NATURGRUNNLAG:

Etter ei ny vurdering i 2017 omfattar A-lokaliteten no altså både den øvre delen av ei større slåtteeng og knapt halvparten av den nedre delen sør for jordbruksvegen som deler lokaliteten (2,095 daa mot ca 0,55 daa før justeringa). Den nye C-lokaliteten omfattar no eit areal på ca 1,963 daa mot ca 3,6 daa tidlegare. Lokaliteten ligg litt sørvest for Innergarden, Åkvika i Halså kommune. Den ligg i ei bratt sørvendt skråning med lauvskog rundt der den ikkje grensar mot A-lokaliteten av slåttemark. Lauvskogen ned mot sjøen er dominert av svartor. Det går eit band med bergartar som glimmergneis, glimmerskifer, metasandstein og amfibolitt gjennom området. Dette gjev likevel lite av kalkkrevjande vegetasjon, men ein kan jo nemna knegras som gjerne veks der det er svakt baserikt. Lokaliteten ligg i grenseland mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone og vegetasjons-seksjonen er O2, klart oseanisk seksjon.

#### NATURTYPER, UTFORMINGER OG VEGETASJONSTYPER

Vi har vald å framleis definera denne lokaliteten som slåttemark, da dette tradisjonelt har vore måten lokaliteten har vore skjøtta på. Men det må likevel nemnast at skjøtselen dei seinaste 50 åra stort sett har vore husdyrbeiting med storfe og sau. Naturtypen til lokaliteten er slåttemark, og den var av Flynn (2011) skildra som frisk fattigeng. Vegetasjonstypen er i hovudsak gulaks-engkveineng (G4) etter Fremstad (1997). Etter nyaste faktaark for slåttemark frå juli 2015, er lokaliteten å rekne som fattig slåtteeng. Etter NiN 2.0 er slåttemark en del av T32 semi-naturleg eng, og denne lokaliteten er å rekne som intermediær eng med klart hevdpreg (T32-C-4). Arealet utgjer truleg ein del av det som i sin tid var åker- og slåttemark på den gamle husmannsplassen, Hamna, no ein del av Innergraden i Åkvika.

#### ARTSMANGFOLD

Ved tidlegare kartleggingar er det funne eit overraskande stort artsmangfald på engene i Hamna med heile 40 karplanteartar (av desse var 19 naturengarter) på eit kvadrat. Sjølv om det er gjort detaljerte kartleggingar her tidlegare, så vart det teke opp ei artsliste også i 2017. Det vart likevel ikkje skild mellom arealet til denne lokaliteten og A-lokaliteten av slåttemark. Hovudinntrykket er likevel at mange av artane som var å finne på A-lokaliteten også fanst her, men mykje meir spreidd og i mindre mengder og med større mengder nitrofile artar. Flynn et al nemner følgjande artar med kommentar: Artar som jordnøtt, storblåfjør, raudknapp, prestekrage og blåklokke er vanlege. Både storblåfjør og jordnøtt er ganske sjeldne elles i området, der særleg den siste gjerne er knytt til boreonemorale lokalitetar. Det veks også ein del knegras, englodnegras, gulaks, bleikstorr og engkvein her. Sopp vart ikkje særskild undersøkt da det var for tidleg på sesongen da feltarbeidet ble utført (2011), men det er tidlegare funne artar som kvit køllesopp, gulfotvokssopp (NT) og musserongvokssopp (NT), og landets første funn av fruktraudspore (*Entoloma sacchariolens*) (VU) vart gjort her. Det er likevel usikkert nøyaktig kvar dei ulike artane vart funne i sin tid, da stadfestinga av funna er lite nøyaktig.

Ved vitjinga i 2017 vart følgjande artar notert: Aurikkelsvæve, bakkesoleie, bakkefrytle, bleikstorr, blåklokke, blåkoll, bråtestorr, einer (lite), einstape, engfiol, enghumbleblom, engkvein, englodnegras, firkantperikum, gauksyre (nerkant), grasstjerneblom, gråor (i nerkant), gulaks, harerug, harestorr, hassel (små renningar i nerkant), hegg (i nerkant), hundegras, hårsvæve sp., jonsokkoll, jordnøtt, knegras, kvitveis, lækjeveronika, løvetann sp, marikåpe, sp. mjødurt (i nerkant),

mørkkongslys (i nerkant), nattfiol grov, prestekrage, raudkløver, raudknapp, revebjølle, rogn (i nerkant), Rosa sp. (i nerkant), ryllik, setersvæve (i nerkant), smyle, skogstorkenebb (i nerkant), skogfiol (i nerkant), skogsvinerot (i utkanten), smalkjempe, stankstorkenebb, storblåfjør, svartor (i nerkant), svæve sp., sølvbunke, tepperot, tiriltunge, tviskjeggveronika. Mørkskjella vokssopp Hygrocybe turunda (VU) vart funne i øverkant av jordbruks-vegen, dvs utanfor denne lokaliteten.

#### BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD

Historikk: Åkvik i Halså har ei svært interessant historie og garden er nemnd første gongen i skriftlege kjelder så tidleg som i 1303. Om historikarane har rett, så var det ei nordmørsk lendermannsætt som sat på garden den tida. Også seinare, på 1600- og 1700-talet var Åkvika bustad for m.a. offiserar og anna «storfolk». Garden var opphavleg einbølt, men ved slutten på 1700-talet vart den todelt, Nistu (bnr. 1) og Oppistu (bnr. 2). Så seint som ved midten av 1930-talet vart Innergarden utskilt frå Oppistu på Åkvik og fekk bnr. 3.

Husmannsplassen Hamna, var truleg om lag identisk med dei to slåttemarkane som no er avgrensa der. Den vart utskild frå Nistu, Åkvik i 1836. Hamna var ingen stor plass og i 1875 fødte dei 1 ku, 1 ungnaut og 7 sauer her. Utsånaden same året var ½ tønne bygg, ½ tønne havre og ½ tønne potet. Mesteparten av det arealet som vert rekna som slåtteland i dag var nok åker for om lag 150 år sidan. I Vaagland (1954) er det eit grunnriss av huset på plassen og dette viser at fjøset var samanbygd med bustaddelen, noko som ikkje var uvanleg på små plassrom i tidlegare tider. Då siste plassfolket vart gamle gav dei opp plassen og husa vart seld. Det var ein frå Skarpnes på Smøla som kjøpte dei og truleg hamna huset der ute. Berre murane er å sjå på den gamle «plassen» no. Ein trur ikkje drifta på plassen varte særleg mange år etter 1900.

Nyare bruk: Vi er usikre på kva som hende med Hamna etter at plassfolket gav opp drifta, men truleg grodde dei gamle åkrane til med naturgras slik at det etter kvart vart slåtteeng. Truleg vart det slått med ljà i Hamna frå om lag 1930 (1920?) og fram til om lag 1970 då far til noverande eigar dreiv Innergarden. Det største stykket, dvs. det som ligg nedom den gamle jordbruksvegen var litt gjødsel med kunstgjødsel fram til om lag 1970. Seinare har det stort sett berre vore beita nedom vegen, medan stykket oppom vegen har vore slått kvart år fram til no.

Situasjonen i dag: I 2011 utarbeidde Miljøfaglig Utredning ei skjøtselsplan for stykket oppom vegen. Det var Kirstin Marie Flynn som laga denne planen etter oppdrag frå Fylkesmannen. Denne planen er gjeldande i dag og er følgt opp av eigaren, Asbjørn Heggem.

Ved ei undersøking gjort sommaren 2017, vart også mykje av stykket nedom vegen vurdert å ha kvalitetar som tilsa at skjøtselsplanen også burde omfatta ein god del av dette engarealet. Elles kan det nemnast at det i 2017 også vart slått om lag eit mål nedom vegen der graslet var turka og køyrd til gards som for til sauene.

#### FRAMANDE ÅRTAR

Det er ein del granspirar, særleg nedom vegen som spreier seg frå plantefelt i nærleiken.

#### SKJØTSEL OG OMSYN

Også C-lokaliteten hadde nok hatt best av slåtteskjøtsel, men eigaren har ikkje kapasitet til å driva med slik skjøtsel, så då får sauene gjera jobben nokre år framover ved å beita dette arealet. Men arealet kan gjerne få vera i fred for sauene frå seint i mai til sist i juli. På den måten unngår ein at artsmangfaldet vert utarma på lokaliteten. Alle småtre og buskar på enga bør fjernast, samt einskilde av dei store trea i kantane. For å få bukt med einstapen bør den knekkast med kjepp ein gong om våren (mai). Ein kan også bryta einstapen om ein finn det meir verknadsfullt enn å nytta kjepp (grunneigaren meinte dette gav betre resultat enn å nytta kjepp). Det vil ta nokre år før den blir borte. Fysiske inngrep, gjødsling (også i form av tilleggsføring eller beitepussing) og sprøyting vil kunne øydelegge verdiane svært fort. Det er også viktig å hindre lauvtrerenningar, samt gran og furuskot i å spreie seg. Lokaliteten må ikkje pløyast, grøftast, sprøytast eller gjødslast.

#### DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP

Enga er en del av ei litt større eng og ligg i eit kulturlandskap som i hovudsak består av intensivt drivne jordbruksareal. Det er få andre verdifulle slåtteenger i området.

## VERDIVURDERING:

Etter verdsettelsesmatrisa nov. 2014. Det er 6 kriterium som blir vurdert i samband med verdissetinga av ein slåttemarkslokalitet. Det er 1) Storleik, 2) Typevariasjon, 3) Artsmangfald, 4) Tilstand, 5) Påverknad, 6) Landskapsøkologi.

Vurdering: Arealet er over 1 dekar etter den nye avgrensinga, noko som gjev høg vekt. Kriterium nr. 2, typevariasjon gjev låg vekt i og med at det berre er ein grunntype i NiN. Ser vi på kriterium nr. 3, artsmangfald, så er det noko usikkert kor mange KST-arter som finnes på denne lokaliteten, men truleg ein stad mellom 10 og 15. Dette tilsvarar ein C-lokalitet. Av raudlista sopp er det registrert 2 NT-arter og 2 VU-arter, men truleg er desse registreringane gjort på den andre slåtteeenga i Hamna (A-lokaliteten). Dette tilseier låg vekt på raudlistekriteriet. Sidan det er lite attgroing å spora på det avgrensa arealet, så gjev kriterium nr. 4 høg vekt, men sidan skjøtselen er feil i høve slåttemark, så gjev kriterium nr. 5 berre middels vekt. Kriterium nr. 6. landskapsøkologi derimot får låg vekt då desse to lokalitetane er dei einaste kjende i dette området. Samla sett så reknar vi dette som ein sterk C-lokalitet, men det beste hadde sjølvsagt vore om lokaliteten kunne ha fått slåtteskjøtsel slik som A-lokaliteten.

## Ortofotokart



Figur 1. Dette ortofotoet/kartet frå Q-gis viser avgrensinga av begge dei aktuelle lokalitetane i Hamna avgrensa med raud markering. C-lokaliteten omfattar avgrensinga i vest, ein korridor ned mot skogkanten ved sjøen, samt eit område i aust som går opp til den gamle jordbruksvegen. I skogkrullen i det nordvestre hjørnet av den nyavgrensa A-lokaliteten av slåttemark finn ein tufter etter husa på den gamle husmannsplassen i Hamna.

## Bilete



Figur 2. Biletet er tatt mot aust, men fotografen har nok stått oppe i A-lokaliteten og knipsa dette. Mot høgre biletkant ser ein stolpar tilhøyrande kraftlina som kryssar lokalitetane. Desse står heilt i austkanten av C-lokaliteten. Foto: Dena Esther Utne, Bioreg AS © 07.07.2017.



Figur 3. Dette biletet er tatt frå aust mot vest i lokaliteten. I øvre høgre hjørnet ser ein høgspøntlina som skjer gjennom lokalitetane i Hamna. Omtrent midt i biletet i høgre kanten ligg tuftene etter den gamle husmannsplassen. Som ein ser, så hadde det ikkje skadd med litt rydding rundt kantane. Foto: Dena Esther Utne, Bioreg AS © 07.07.2017.





Figur 2. Dette bildet viser nokre detaljer frå dei gamle tuftene etter husa i Hamna. Som ein ser er det mest gråora som regjerer her no. Husmannsfolka er nok borte for lenge sidan. Foto: Dena Esther Utne, Bioreg AS © 07.07.2017.

## Kjelder

### Litteratur:

Aune, E. I. 2004 Kartlegging av biologisk mangfald (naturtypar) i Halså kommune. NTNU Vitensk.mus. Rapp. Bot. Ser. 2005-3: 1-31.

Flynn, K. 2011. Skjøtselsplan for Åkvika: Innergarden slåttemark, Halså kommune i Møre og Romsdal fylke. Miljøfaglig Utredning notat 2011-36, 11 s.

Jordal, J. B. 2007 Slåtteeenger i Møre og Romsdal. Samanstilling av kunnskapen om biologisk verdifulle lokalitetar. MR Fylke, Landbruksavd. rapport nr. 1-2007. 112 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997 Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999 Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Miljødirektoratet. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfald. Ny revidert utgave av DN-håndbok 1999-13 (under revisjon).

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Vaagland, N. M. 1954. Halsaboka. Bygdebok. 1. bind. 512 s.

### **Munnlege kjelder:**

Asbjørn Heggem, bruk. og eier. Tlf.: 971 20 372 el 715 58 250, E-post: [asbj.heggem@svorka.net](mailto:asbj.heggem@svorka.net)

### **Internett:**

<b>Dato</b>	<b>Nettstad</b>
03.10.17	Miljødirektoratet, Naturbase
03.10.17	Artsdatabanken, <a href="#">Raudlista</a> , <a href="#">Artskart</a> og NiN